



Leif Jan Fosse
Fosse 146
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/174 - 16/1112

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
20.01.2016

Adressetildeling/ adresseendring Fosse 51

Administrativt vedtak. Saknr: 23/2016

Saksutgreiing:

Massiv adressetildeling for heile Meland kommune vart gjennomført i 2007. Adresseendringar og nyadresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På eigedommen 25/175 er det nyleg godkjent bygging av einebustad med utleigedel. Alle bueiningar med eiga ytre inngangsdør skal ha tildelt eiga offisiell adresse. Ved adressetildeling av Fosse 51B til 25/35 vart det berre satt av ei ledig adresse 51A for naboeigedommen 25/35. Då det no er trong for 2 adresser på 25/175, vert det nødvendig å omadressere 51B til 51C, for å frigjera ei ekstra adresse til nybygg på 25/175.

Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet **Fosse**.

Vurdering:

Skilting.

Etter felles forskrift til § 21 i matrikkellova (adresseforskrift FOR-2011-11-03-1077) for regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Skilt og plassering skal tilfredsstillast lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Plikta grunneigar har til å supplera med tilvisingsskilt trer fram der grunneigar eig heilt fram til vegkrysset og eigar kan setja skiltet på eigen grunn.

Det skal nyttast standard husnummerskilt som skal vera av typen med sjølvreflekterande botn med svarte tal. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte frå eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal korrekt husnummerskilting verte utført så snart som råd. Ved nybygg skal skilting verte utført før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 04004 eller internett www.posten.no

Informasjon.

I vedlagte brosjyre **Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen**, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også på www.meland.kommune.no og søk på adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si adressetilnyting til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Vedtak

«Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressesetildeling/ adresseendring:

Gnr	Bnr	Bueining	Vegnavn	Eks husnummer	Nytt husnummer
25	35	Hovedleilighet	Fosse	51B	51C
25	175	Hovedleilighet	Fosse	Ingen	51A
25	175	Utleigeeining	Fosse	Ingen	51B

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen dersom ikkje vedtaket vert påklaga innan frist.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Orienteringsbrosjyre om adresser
Fosse_51ABC

Mottakere:

Leif Jan Fosse	Fosse 146	5918	FREKHAUG
Silje Tjore og Tom Dahle	Munkebotn 15	5036	BERGEN